

Hamlagrøvatnets Vel c/o
Gudmund Skjeldal
Årvollvn. 51, 0590 Oslo
Hytteteigar, Nore Hamlagrø 14
gudmundskjeldal1970@gmail.com
Vår dato: 30. 01.2022

NVE; v/sakshandsamar Jan Arthur Sørensen

Saknr. 201707509: Høyringsfråsegn frå 529 hyttefolk, grunneigarar, og vener av Hamlagrøvatnet – om revisjon av vilkår for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget.

Kortversjon

NVE har opna for vilkårsrevisjon av Bergsdalsvassdraget - for å betra miljø- og naturforholda ved vasskraftutbygginga. Konesjonæren BKK (i dag Eviny) har svara med å føreslå auka intervallet for sommartapping av Hamlagrøvatnet. Mange hundre hyttefolk og grunneigarar er sterkt imot dette forslaget, og krev at ny manøvreringsbasis blir sett på 3 meter under full vassyte for framtida – av omsyn til miljø- og allmenninteressene. Tappinga om sommaren må opphøyra 1. mai, og fram til kote 585 er nådd. Minstevassføringa på Dale vil bli trygg på denne måten.

Området og mengda menneske

Hamlagrø er eit høgt verdsett landskap og hytteområde. Samla har Bergsdalen og Hamlagrø-området om lag 800 hytter (Norconsult/Mimir 2017). Ei lukka Facebook-gruppe som samlar ulike føremeldingar om vinteren, femner heile 2350 medlemmer. Frå Skirstølen heilt aust i dalføret frå Hamlagrø og til Rødland aller øvst i Bergsdalen, hyttetomter og stølshus og DNT-hytter inkludert, tel ein om lag 600 eigedomar (via Norgeskart). Ei open Facebook-gruppe, *Hamlagrøvatnets Vel*, oppretta i protest mot utkasta til BKK, tel i skrivande stund 896 medlemmer. Denne uttalen har **529 underskrifter**, av desse (registrerte på underskrift.no/facebook-sida) har 39 tilhøyrslar til Kyrkjevika, Søre H. og Blåkollen, som alt har sendt sine fråsegner, mykje samanfallande med innhaldet her.

Revisjonsdokument 12710850 (RV)

Vi som underteiknar denne fråsegna; grunneigarar, hyttelag, hytteteigarar og hyttebrukarar og besøkande ved Hamlagrøvatnet, finn det oppsiktsvekkande at BKK vil ha manøvreringsrom for meir sommartapping – *i ein konsesjonsrevisjon som skal handla om miljø og natur*. Konsekvensane for fiskebestandane er ikkje utgreidde. Faren for meir erosjon frå elvane nedover strendene er ikkje tematisert, og heller ikkje kva stadig skiftande strandsone, og utvasking, har å seia for dyre- og fugle- og plante- og planktonliv elles. Følgjane for alle menneska som søker seg til det vakre og innbydande Hamlagrøvatnet er fråverande. Seks meters manøvreringsrom for BKK er kort sagt sterkt forringa landskapsopplevinga for fleire tusen menneske om sommaren.

Vi kan heller ikkje sjå at BKK har følgd malen i revisjonsdokumentet (heretter RD), då det ikkje er gjort synleg – slik OEDs retningslinjer for vilkårsrevisjon (OED 2012) seier konkret:

«billedokumentasjon av berørte magasin ved ulike vannstander, dybdekart, sammenhenger mellom sentrale miljøtema (friluftsliv, landskap, reiseliv, biologisk mangfold og fisk) og vannstand» (s. 54, vår kursivering). Såleis finst det ikkje eitt (!) kart eller bilete i vedlegget til RD som viser kva regulering av Hamlagrøvatnet fører med seg av øyar og stupbratte strender og skjemma sår i landskapen – ikkje om våren, når vatnet i den vestre delen kan vera tappa 28,5 meter ned (kote 560), ikkje ved kote 584 (m.o.h.; minstebasis om sommaren i dag), og heller ikkje ved kote 582 (BKKs forslag til ny reguleringsbasis). Vi har søkt å bøta på denne mangelen med det fyldige og vonleg oppklarande biletedokumentet: Hamlagrøvatnet har både bratte strender, og langstrekke grunner, mange stader.

Førespelet

Som BKK sjølv skriv i RD, har reguleringa lang historie. I 1928 blei det gjeve løyve til 17, 5 m seinking. I 1960, på bakgrunn av leveringskrise og straumrasjonering, søkte BKK om å få sprenga ein undervassrygg, og tappa heile bassenget 30 meter ned. NVE reduserte denne planen i omfang, og Industridepartementet viste til kva hovudstyret hadde av skepsis: «[Det kan] være tvilsomt om det overhodet bør tillates ytterligere senkning av Hamlagrøvatn *av hensyn til naturverninteresser.*» (Meddelte vassdragskonsesjoner 1964, s. 94, vår kursivering). I 1987 fekk BKK byggja om Dale Kraftverk, etter å ha utøvd sterkt press på NVE. Då fekk fiskarinteressene på Dale løfta fram at elva nedanfor kraftverket måtte ha betre minstevassføring. Manøvreringsbestemmingane for Hamlagrøvatnet blei såleis endra i 1991 – rett nok etter protestar frå Voss kommune, og frå grunneigarar og hyttebrukarar på Hamlagrø. BKK fekk etter dette løyve til å tappa vatnet om sommaren også før det har nådd 4 meter under fullt nivå (kote 584) – men berre for å sikra minstevassføringa i Dale-elva, 3 kbm/s. BKK vil ha ein særregel for august månad fjerna no, og kunna regulera vatnet alt mellom 582 og 588 i kotehøgde heile sommaren, og dessutan kunna gå *under* dette nivået 582 dersom minstevassføringskravet i Dale-elva tilseier det. Datoen for når vatnet skal fyllast opp att (15.mai), er derimot ikkje endra i forslaget.

Fjellturisme og hytteliv

Kva RD ikkje fortel om, er dei lange turisttradisjonane ved Hamlagrøvatnet. Alt på 1890-talet tok den kjende fotografen Knud Knudsen bilete, for å lokka byfolk til fjellheimen her. På tidleg 1900-tal var det hotell på både Hodnaberg og Søre Hamlagrø, på 1930-talet, og heilt ut til 1950-åra gjekk rutebåtar i trafikk mellom dei ulike stølsgrendene. Fjellvandrarar i hopetal i dag, som følgjer dei populære Tmerka-stigane frå Hamlagrøvatnet til Kiellandbu, eller frå Hamlagrøosen til Vending og vidare, går bokstavleg tala i fotefara deira. Også i 2020-åra ferdast mange campingbilar, motorsyklistar og vanlege syklistar langs vatnet, både innanlandske og utanlandske turistar. Dei strevar alle med å finna høvande rasteplassar, teltflekkar og badestader – når vatnet ligg tappa ned.

Sjølv om stølsdrifta må seiast å vera historie, er det mange grunneigarar som framleis har sauer og kyr på sommarbeite ved Hamlagrøvatnet. Desse dyra risikerer å falla utfor dei bratte strendene, til skade for seg og før bøndene. Grunneigarar mister dessutan stadig av grunn og gard til vassdjupet, på grunn av erosjonen som reguleringa og fallhøgda skaper. Hyttefolk strevar om dei vil vandra langs vatnet, fordi dei må inn og ut av bratte og lange bekkelar. Besteforeldre gler seg til å ta barneborn med i båt, berre for å oppdaga at dei ikkje har krefter til å dra båten opp og ned frå evje, og frå steinbratte strender. Mange hytteeigarar er direkte avhengige av å nytta båt som ferdslemåte – og dei balar mykje. Både natur og miljø og menneske; både turistar og grunneigarar og hyttefolk samla, er i same stranda båt – *slik sommarreguleringa skjer i dag.*

Og under eller over alt dette: Hardhendt regulering over mange år har herja med landskapet langs Hamlagrøvatnet. Vintertappinga etterlet seg furer og juv, øyar, og heile ørkenar. Eit mykje oppfylt, eit mektig og vakkert kvilande Hamlagrøvatn må i seg sjølv setjast som ein verdi – og ikkje berre vurderast som manøvreringsmagasin for fleksibel kraftproduksjon. Det er dette naturperspektivet NVE-revisjonen opnar for. *BKK kan ikkje be om meir manøvreringsrom for tapping om sommaren; det er allmenninteressene som må forlanga høgre vass-stand før tappinga set inn.*

Nytt «minstemål»

1964-bestemmingane sette enkelt sagt kote 584 meter som minstebasis for vasstanden gjennom sommaren. Slik bømte NVE og Industridepartementet på *noko* av skaden for stølsinteresser og naturen på Hamlagrø. Sidan den tid har synet for naturverdiar og landskapsopplevingar auka mykje i det norske samfunnet, slik OED 2012 også skriv, s. 25. Vi vil krevja nytt minstemål for sommarvasstanden til 585 m.o.h., altså 3 meter under fullt vatn. Eit slikt nivå vil

- letta båtbruken
- auka turistopplevinga
- hjelpa på badegleda og fiskemoglegheitene
- betra beiteforhold for fisk og for fugl, og for biologisk mangfald i sum
- løfta vatnet frå dei stygge og farlege erosjonsdjupa
- gjera Hamlagrøvatnet rett og slett vakrare om sommaren.
- dessutan gje godt reservoar for trygging av minstevassføringa i Daleelva, med ny dato for stogg av tapping om våren den 1. mai.

Kravet er i tråd med grunnideen i revisjonen av konsesjonsvilkåra, nedfelt i OED 2012, kap. 9.1., der det heiter: «Et viktig hensyn er i hvilken grad de nye eller endrede vilkårene gir muligheter for vesentlige miljøforbedringer, det vil si at det må gjøres en vurdering av det berørte områdets verdi og de foreslåtte vilkårenes virkning på den berørte verdien.»

Minstevassføringa

Manøvreringsreglementet frå 1991 gav BKK høve til å tappa vatnet i perioden 15.mai-15.aug også under nivået av kote 584, men berre for å sikra minstevassføringa i Daleelva, 3 kbm/s. Voss protesterte ikkje då mot dette miljøomsynet i seg sjølv, men mot at kraftprodusenten kunne få eit nytt manøvreringsrom til å tappa meir – og dermed halda vass-standen skjemmaende lågt gjennom sommaren. BKK skriv sjølve om dette i RV: «I stor grad prøver BKK å kjøre kraftverket på minimum 5 m³/s, da dette er en bedre driftsvannføring for kraftverket og en bedre vannføring for fisk og fiske i elva» (s. 67). Tolka på beste måte tyder dette at konsesjonæren alltid følgjer restriksjonane, til den minste drope, men det tyder også at BKK eigentleg ikkje har trong for utvida manøvreringsrommet til sikring av minstevassføring. Gjeve det større tilsiget i vestlandsfjella som klimaendringane framover tyder på, jmf OED 2012, s. 24, endå mindre. Den nye datoen vi føreslår for tappestopp, vil også hjelpa på produksjonsplanlegginga sommarstid, slik ho altså fungerer i dag.

Tillit

1991-reglementet, som søker å balansera mellom nettopp minstevassføring og sommarvasstand, baserer seg grunnleggande sett på tillit, mellom BKK og NVE, og mellom BKK og allmenninteressene langs vatnet. Det er vanskeleg å etterprøva, sjølv for BKK, at det er minstevassføringa i konsesjonen, og ikkje turbindimensjonane på Dale kraftverk, som får styra kraftproduksjon og produksjonsplanlegging sommarstid. Men tillit baserer seg på at ein spelar med reinare kort i denne saka.

BKK nyttar til dømes ein uttale frå Direktoratet for Naturvernforvaltning (DN) i 1987 som noko av argumentet for større manøvreringsintervall om sommaren (s. 74). Denne uttalen var basert på ein horribelt einseitig karakteristikk av interessene ved Hamlagrøvatnet, og BKK avviste han sjølv i sakshøyringa den gongen. (Meddelte vassdragskonsesjoner 1987, s. 60, s. 61). Ved den faktiske handsaming av manøvreringsreglementet i 1989 hadde det same DN *ikkje* denne merknaden, og mykje meir relevant no er det at Miljøverndepartementet det same året anerkjente dei allmenne interessene i sin kommentar til NVEs innstilling: «Hytteteiere og grunneiere ved Hamlagrøvatnet med sine interesser i seterdrift, fiske og rekreasjon er sterkt opptatt av å opprettholde en høy vannstand i magasinet». Vi vil også minna om kva NVE sjølv konkluderte med: «NVE mener at alternativ minstevannføring til 5 m³/s i større grad vil gi negative konsekvenser for interessene ved Hamlagrøvatn.». Olje- og Energidepartementet støtta denne konklusjonen. (Meddelte vassdragskonsesjoner 1991, s. 183, s. 180, s. 187)

BKK baserer karakteristikken av fiskebestanden i Hamlagrøvatnet i dag på éi undersøking gjort av biologar tilbake i 2001. Her heiter det at tilveksten er god inntil auren når 30 cm. Vi les også kva undersøkinga vidare skriv: «I 2001 viste lengdefordelingene fra begge bassengene at svært få fisk var over 24 cm lange.» (Lehmann og Wiers 2002, s. 20). Det finst også litteratur (Braband 2010)

som viser at for ulike grupper av botndyr er stor variasjon (over 5 m.) i vasstand om sommaren skadeleg. Sjå også notat av Geir Helge Johnsen sendt til NVE 5. jan 2022 om dette viktige miljøemnet.

Det gjev også grunn for uro når RD tolkar sjølve manøvreringsreglementet på *sin* måte. På side 71 står det: «Mellom 15. august og 1. september kan det ikke tappes under det nivået magasinet var på 15. august med mindre det er for å opprettholde minstevannføring i Daleelva.» Konesjonen seier derimot: «Tapping i tiden mellom 15. august og 1. september skal i tilfelle skje uten at vasstanden reduseres, men minstevannføringen skal opprettholdes.» Dette «men» *kunne* ha betydd at Bergsdalsvassdraget fekk tilføring frå Torfinnsvatnet (Hodnaberg kraftverk, eigd av Voss Energi) i tørre periodar. Slikt samarbeid finst i dag, i tilfelle av flaumfare. Det er dessutan BKK som driftar dette kraftverket, på vegne av eigaren.

Fornuftige endringar

1964-konesjonen sette altså ein særregel om at BKK berre kunne tappa tilsiget mellom 15. aug. og 1. sept. Dette kan ha hatt grunn i transport av både høyr og mjølk, og gjeld nok ikkje på same måte i dag, for grunneigarar, og for hyttefolk og turistar. Vi finn forslaget om å fjerna denne særregelen fornuftig. Opphevinga av regelen kan gje rom for fleksibel kraftproduksjon og såleis betre økonomi. Når det gjeld flaumførebyggjande tiltak, syner RD at BKK alt har funne ein god praksis (RD, s. 54). Vi ber NVE og OED om å vidareføra praksisen av i dag – der BKK kan søka konsesjon om sterkare tapping for å førebyggja flaum i spesielt nedbørsrike somrar.

Å fjerna den tredje desimalen i angjevinga av kotene verkar også fornuftig; vi har ingen motmerknader her. Vi vil også berømma BKK for å føreslå dynamisk slepp av vatn frå Storefosdammen og forbi smoltfella i Daleelva (500 l. per sekund); dette verkar å vera både god miljøforvaltning, og meir effektiv bruk av vatnet til kraftproduksjon.

OED 2012 (s. 28) seier at ein må vega miljørevisjonar av konsesjonar opp mot produksjon og økonomi. Vi meiner å ha funne ein god balanse i forslaget om å løfta basisnivået til kote 585, mot at sær-restriksjonen for august månad blir teken bort. Gjeve at BKK har fått ha desse konsesjonane lenge, og anlegga er skrivne ned, vil vi be om at sommarperioden, med tilhøyrande restriksjonar i tapping, blir sett frå 1. mai – og til 1. september. Dette vil betra både naturopplevinga, og produksjonsplanlegginga, gjennom sommaren. Overføringa av Svartavatnet til Torfinnsvatnet (løyve i 2018), og den tilsvarende reduksjonen av elva Møyåni, gjer det endå meir påkravd.

Konklusjon:

Miljø- og naturskaden på Hamlagrø er svært stor slik minstebasisen for vasstanden sommarstid er sett i magasinrestriksjonane i dag. Nivået må løftast til 585 m.o.h, og tappestans setjast til 1. mai.

Forslaget til nytt reglement (i punkt 2) lyder, på bokmål:

«Det fastsettes minstevannføring på 3,0 m³/s i Daleselva målt nedenfor utløpet av Dale kraftverk.

Tapping fra Hamlagrøvatnet i tiden fra 1. mai til 1. september og før vannstanden har nådd kote 585,00 tillates bare for å opprettholde minstevannføringen i foregående ledd. Bergsdalselvas flomvannføring så vel som flomvannføringen i Torfinno, Flatebølva og Frydlielva må så vidt mulig ikke forøkes. For øvrig kan vannslippingen foregå etter kraftselskapets behov.»

Fråsegna er underteikna av desse fem hyttelaga, 22* grunneigarar og over 500 hyttefolk og besøkande ved Hamlagrøvatnet:

Bjørndalen Vel (17 hytter), v/leiar Thorleif Thorsen, thorleit@online.no

Kjøvika Hyttelag, v/leiar Tor Leganger-Hansen; tle-ha@online.no

Nore Hamlagrø vei- og hyttelag (21 hytter), v/leiar Per-Helge Thorsen; Per.Helge.Thorsen@ahlsell.no

Røvhaugane Hyttegrend (20 hytter), v/leiar Atle Sandal; asandal@online.no

Vierdalen hyttegrend og veilag (34 hytter), v/leiar Bjørnar Almli; bjornar.almli@gmail.com

Grunneigarar (her Lii, Grønestad, Nore, Flodvika, Hodnaberg og Øyaset): kontaktperson Olve Nestaas Ruud; olve.nestaas@gmail.com

Litteratur

BKK. 2021. *Revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget (RV)*. Brabrand, Å.

2010. *Virkning av reguleringshøyde og ulik manøvrering på næringsdyr i reguleringsmagasiner*.

LFI - Naturhistorisk Museum, Universitetet i Oslo, rapport 281- 2010, 40 s.

Meddelte vassdragskonsesjoner (1964, 1987, 1991) er alle nedlastbare via nb.no

[Stortingsforhandlinger \(ib. utg.\). 1965/66 Vol. 110 Nr. 1 \(nb.no\)](#)


[Stortingsforhandlinger \(ib. utg.\). 1988/89 Vol. 133 Nr. 1c \(nb.no\)](#)

[Stortingsforhandlinger \(ib. utg.\). 1992/93 Vol. 137 Nr. 1c \(nb.no\)](#)

Norconsult (Mimir), 2017. *Mulighetsstudie. Bergsdalen i Vaksdal kommune*.

Vedlegg: I) Kart over området, og II) seks sider med bilete frå ulike fasar av sommartappinga.

I) Kart, Hamlagrøvatnet med ulike hytte/stølsområde



II) Bilete/Problemområde ved låg vannstand; vår, og sommertid (1. mai til 1. sept)

1. Båtferdsel på vatnet

Sterkt nedtappa vatn på våren hindrar folk i å bruka båtane sine, både i mai og juni. Særleg slit dei som bruker vatnet som veg til eigedomane/hyttene sine.

Floviki 21.05.21



Foto: Anne-Berit Røthe
Klette

Liabardet 07.06.21 (577moh)



Foto: Randi Nestås
Giljarhus

Båtøpptrekk Søreplassen 24.05.21



Foto: Vidar Torsvik

Kyrkjevika 30.05.21



Foto: Lena Laupsa

2. a) Tørrlegging/erosjon

Nedtapping av vatnet fører til tørrlegging og erosjon; som er synleg også når vatnet er nær HRV, og som er til skade for fisk, biologisk mangfald, og husdyr

Erosjon Osen/Lii 01.06.21



Foto:

John Brudvik

Erosjon ved låg vannstand Hodnaberg 25.05.21



Foto: Anna Ågot Dagestad Skjoldal

2b. Dyreferdsl: blottstilte erosjonsjuv er til fare for husdyr; kyr og sauer

Nore Hamlagrø 22.07.21



Foto: Terje Flage

3. Allmenninteresser, landskapsopplevingar

Mange nyt Hamlagrøvatnet om sommaren, og badar gjerne. Ved låg vass-stand er det ofte gjørme, samt bratte skrentar – som øydelegg opplevinga.

Nore Hamlagrø 22.07.21



Foto: Eva Skjeldal

Nore Hamlagrø, 3. aug. 2021



Foto: Gudmund Skjeldal

Dokumentasjon av problemområde ved låg sommarvannstand (582moh)

Sommar 2018 – kote 582

21.07.18 Lii mot Grønstad. Holmar og steinar stikk opp ved denne vass-standen; strandsona blir verre



Foto: John Brudvik

Nore Hamlagrø 29.07.2018 kote 582,7moh – skjemmende strandsoner og bal for båtliv



Foto: Terje Flage

Nore Hamlagrø 13.06.18 ca kote 582moh; lange grunner, skjær og erosjonsjuv synlege



Foto: Annvor Teigen
Nestås